



Reiselivsnæringa i Sogn

Forprosjekt om reiselivsorganisering - informasjon

Sogn regionråd har vedteke å setja i gang eit forprosjekt for å greia ut reiselivsorganiseringa i Sogn, og vi ønskjer å informera om bakgrunnen for prosjektet og arbeidet framover.

Bakgrunn

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har samhandling som eitt av sju strategisk handlingsområde. For å nå måla i planen blir det peika på at "ein bør også ha kontinuerleg diskusjon rundt fellesfunksjonar i reiselivet og optimal samhandling for å løyse desse oppgåvene (rolledeling og organisering)".

Regionsenterkonferansen som vart arrangert i fjor haust med formannskapsmedlemene i dei sju kommunane munna ut i eit felles reisemålsselskap som eit av oppdraga til regionrådet. Kort tid etter konferansen utfordra fylkeskommunen regionrådet om å sjå på organiseringa av reiselivet. Tiltaket er teke inn i regionråd sin tiltaksplan for 2011 og inngår i samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunen og regionrådet.

Forstudien

Forstudien vart gjennomført i tida februar – mai 2011. Høgskulen i Sogn og Fjordane ved Ståle Brandshaug og Visit Sognefjord ved Arne Glenn Flåten har bidrege saman med administrasjonen i Sogn regionråd. Forstudien og prosjektplan har vore drøfta i reiselivsgruppa i Sogn regionråd i forkant av møta i Sogn regionråd. Sogn regionråd vedtok i møtet 17. juni 2011 å setja i gang forprosjekt for å greia ut reiselivsorganiseringa i Sogn.

Mål og mandat

Målet med prosjektet er å styrka samkøyring av reiselivsutviklinga og auka lønsemda i reiselivet i Sogn. Mandatet er at forprosjektet skal kartleggja dagens ressursbruk og aktivitetsnivå og koma med framlegg til ein eller fleire moglege regionale organisasjonsmodellar som viser korleis lokale og regional oppgåver kan løysast betre innafor nye samarbeidsstrukturar.

Korleis ei eventuell ny organisering vil ivareta lokale og regionale oppgåver vil stå sentralt. Ei slik utgreiing vil gje kommunane og næringa eit beslutningsgrunnlag til å avgjera om dei ønskjer eit felles, regionalt reisemålsselskap eller ikkje.

Prosjektorganisering

Sogn regionråd er prosjektleiar og reiselivsgruppa i Sogn regionråd er prosjektgruppe. Synnøve Aabrekk frå Segel as er prosjektleiar.

Aktuelle aktørar i og utanfrå fylket vil bli kontakta av prosjektleiar i oktober – november for deltaking i referansegruppa.

Fasar i prosjektet

Prosjektet har fire overordna fasar:

1. **Status:** synleggjering av no-situasjonen og arbeidsoppgåvene innafor gjeldande organisering
Prosjektleiar kontaktar alle destinasjonsselskapa/reiselivslaga for informasjon/opplysningar.
2. **Alternativ:** forslag til modellar for regional organisering som ivaretek dei lokale og regionale oppgåvene på ein enno betre måte enn i dag.
3. **Dialog:** innspel og synspunkt frå næringa og kommunane på gjeldande og alternativ regional organisering. Det vert gjennomført workshopar og utsendt høyringsframlegg.
4. **Tilråding:** oppsummering og tilrådingar (rapport og presentasjon)

Etter planen skal Sogn regionråd handsama sak om reiselivsorganisering i april møtet 2012.

Det er laga prosjektplan som beskriv status, definerer mål, mandat, framdriftsplan og finansering, jf vedlegg.

For meir informasjon kan de kontakta prosjektleiar Synnøve Aabrekk tlf 41 62 28 07 eller dagleg leiar tlf 57 62 96 14.

Med helsing

Torodd Urnes

Karina Nerland

leiar Sogn regionråd
(sign)

dagleg leiar
(sign)

Vedlegg: Prosjektplan

Går til: Reisemålsselskapa/reiselivslaga for vidareending til medlemsbedriftene
Visit Sognefjord